



TYSNES KOMMUNE

Helse- og sosialkontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 60

Telefaks 53 43 70 11

Hordaland Fylkeskommune

Postboks 7900

5020 BERGEN

UGGDAL, 18.08.2014

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
12/567-12	5890/14	104	HS/HEL/HIHE	2014/14648-3

DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN - RAPPORT BRUK AV MIDLAR 2013

Syner til skriv, av 24.04.14, og påminning pr. e-post, av 11.08.14.

Syner til søknad, den kulturelle spaserstokken 2014, av 08.08.14.

Vedlagt følger ein enkel rapport for korleis midlane vart nytta i 2013:

Midlane vart nytta til song og musikkopplevingar for bebuarar i og ved Tysnes sjukeheim.

- 13.03.2013 : Konsert med Duo «Tvisynt» med Ranveig Helen Lægreid og Torbjørn Tveita Reiso. Viser, folketonar og salmar. Sjå vedlegg

Konsertomtale:

Duo «Tvisynt», som består av songar Ranveig Helen Lægreid og gitarist Torbjørn Tveita Reiso har eksistert i 4 år. Begge er utdanna ved Griegakademiet i Bergen, og det var her dei starta å spele ilag. Dei siste åra har Lægreid vidareutdanna seg i København, medan Torbjørn har busett seg i Etne Kommune. Til tross for den geografisk avstanden har dei spelt saman jamnleg i forskjellige samanhengar dei siste åra. Dei har hatt kyrkjekonsertar, spelt på kulturfestivalen «Hardanger Open», i diverse kunstgalleri og hatt mange konsertar i regi av «Den Kulturelle Spaserstokken.» Sjølv om dei begge er klassisk skulerte, kan ikkje repertoaret dei spelar på desse konsertane kallast klassisk. På konserten vil dei spele viser, salmar og folketonar, fleire av dei sjeldan framført i våre dagar. Likevel vil ein nok kunne merka at dei har bakgrunn frå klassisk musikk når ein høyrer korleis songane er arrangerte. Det er og denne dualiteten mellom «det folkelege» og «det klassiske» som ligg til grunn for navnet Tvisynt.

Kanskje det viser seg at desse stilane ikkje er så langt ifrå kvarandre som ein skulle tru? Me håper at så mange som mogleg prøver å finne ut av dette, og tek turen til ein triveleg konsert. Hjartleg velkomen!

- 03.06.13 : Konsert ved Frode Moltemyr, sjå lenke. <http://www.frodemoltemyr.net/>

Med helsing
Tysnes kommune



Hildur Heie
kst. helse- og sosialsjef

Helga Nilsen Boland
kst. pleie- og omsorgsleiar/
styrar Tysnes sjukeheim